

**PEDAGOGISK OPPLEGG  
FOR INVASJON**



# INVASJON!



Utarbeidd av Frode Gjerløw / Sogn og Fjordane Teater  
Anders Fitje / Den kulturelle skulesekken Sogn og Fjordane



# Invasjon!



Idun Losnegård



Kadir Talabani



Reidun Melvær Berge



Stian Isaksen



Thomas Bipin Olsen

**Idun** = Idun, Skodespelar 3, Lara, Forskar 1, Tolken, Agenten

**Kadir** = Kadir, Yousef, Forskar 3, Antiatomkraftverkkjerring, Epleplukkaren

**Reidun** = Reidun, Skodespelar 1, Tolken, Alexandra, Sine, Tolken

**Stian** = Stian, Skodespelar 2, Rickard, Lance, Forskar 5, Journalisten, Tolken

**Thomas** = Thomas, Arvind, Forskar 4, Fanonbeundraren, Lillebror, Tolken

AV

**JONAS HASSEN KHEMIRI**

TURNELEIAR

**ODD MAGNE HERLAND**

OMSETJING

**KRISTIN AUESTAD DANIELSEN**

TEKNIKK

**KJELL FUREVIK  
REIDUN STØFRING**

REGI/SCENOGRAFI

**FRODE GJERLØW**

LYS

**KRYSTIAN MYSKA**

LYSDESIGN

**KRYSTIAN MYSKA**

LYD

**ROBERT TOMKIEWICZ**

LYDDESIGN

**ROSS FLIGHT**

MUSIKK

**47 SOUL**

TEATERFORLAGET COLOMBINE

# Invasjon! og læreplanen

Framsyninga og føre- og etterarbeidet treff desse kompetansemåla etter 10. årstrinn:

## LÆREPLAN I NORSK

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:

### Munnleg kommunikasjon:

- lytte til, oppsummere hovudinhald og trekke ut relevant informasjon i munnlege tekstar
- samtale om form, innhald og formål i litteratur, teater og film og framføre tolkande opplesing og dramatisering
- delta i diskusjonar med grunngjevne meininger og sakleg argumentasjon

### Skriftleg kommunikasjon:

- orientere seg i store tekstmengder på skjerm og papir for å finne, kombinere og vurdere relevant informasjon i arbeid med faget
- lese og analysere eit breitt utval tekstar i ulike sjangrar og medie på bokmål og nynorsk og formidle moglege tolkingar
- skrive ulike typar tekstar etter mønster av eksempeltekstar og andre kjelder
- planlegge, utforme og bearbeide eigne tekstar manuelt og digitalt, og vurdere dei undervegs i prosessen ved hjelp av kunnskap om språk og tekst
- uttrykkje seg med eit variert ordforråd og mestre formverk, ortografi og tekstbinding
- skrive kreative, informative, reflekterande og argumenterande tekster på hovudmål og sidemål med grunngjevne synspunkt og tilpassa mottakar, formål og medium

### Språk, litteratur og kultur:

- drøfte korleis språkbruk kan verke diskriminerande og trakasserande
- presentere tema og uttrykksmåtar i eit utval sentrale samtidstekstar og nokre klassiske tekstar i norsk litteratur
- skildre samspelet mellom estetiske verkemiddel i samansette tekster, og reflektere over korleis vi vert påverka av lyd, språk og bilette

## LÆREPLAN I SAMFUNNSFAG

**Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:**

**Utforskaren**

- vise korleis hendingar kan framstillaust ulikt, og drøfte korleis interesser og ideologi kan prege synet på kva som blir opplevd som fakta og sanning

**Historie:**

- drøfte ideal om menneskeverd, diskriminering og utvikling av rasisme i eit historisk og notidig perspektiv
- drøfte årsaker til og verknader av sentrale internasjonale konfliktar på 1900- og 2000-talet

**Samfunnuskunnskap:**

- gje døme på korleis oppfatningar om forholdet mellom kjærleik og seksualitet kan variere i og mellom kulturar
- gjere greie for omgrepa haldningar, fordommar og rasisme og vurdere korleis haldningar kan bli påverka, og korleis den einskilde og samfunnet kan motarbeide fordommar og rasisme
- gje døme på og diskutere kulturelle variasjonar og drøfte moglegheiter og utfordringar i fleirkulturelle samfunn

## LÆREPLAN I KRISTENDOM, RELIGION, LIVSSYN OG ETIKK

**Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:**

**Religiøst mangfold:**

- samtale om og forklare kva religion er, og vise korleis religion kjem til uttrykk på ulike måtar
- vise evne til dialog om religions- og livssynsspørsmål og vise respekt for ulike religionar og livssyn
- diskutere aktuelle spørsmål som oppstår i møte mellom religion, kultur og samfunn

**Filosofi og etikk:**

- drøfte etiske spørsmål knytte til menneskeverd og menneskerettar, likeverd og likestilling, blant anna ved å ta utgangspunkt i kjente førebilete
- drøfte verdival og aktuelle tema i samfunnet lokalt og globalt: sosialt og økologisk ansvar, teknologiske utfordringar, fredsarbeid og demokrati
- reflektere over etiske spørsmål knytte til mellommenneskelege relasjonar, familie og vene, samliv, heterofili og homofili, ungdomskultur og kroppskultur

## FØR FRAMSYNING:

### OPPGÅVE 1 (20 min)

LES OG TOLK TEKSTEN SAMAN MED ELEVANE

Svensk-tunisiske Jonas Hassen Khemiri (1978) fekk stor merksemd i 2003 med debutromanen *Ett öga rött*. I 2006 debuterte han som dramatikar på Stockholms Stadsteater med *Invasjon!* Khemiri er rekna som ein av dei viktigaste forfattarane i vår generasjon.


Framsyninga *Invasjon!*, basert på boka med same namn, viser til det framande som kulturen vår i dag er truga av. Det kjende vert møtt med det ukjende, noko som gjer at menneske fort trekkjer seg vekk. Ved å bruke humor rundt eit slikt alvorleg tema, samt bruk av skjulte symbol og ei ny form for forteljarspråk, vert framsyninga meir enn ei minoritetsframsyning. Framsyninga viser til dagens menneske og korleis vi oppfører oss mot kvarandre og vi får eit oppgjer med dagens førehandsdømmande samfunn.

*Invasjon!* kretsar kring eit tema: Kven er den internasjonale trusselen Abulkasem som er ein meister i forkleding, og som lurer seg unna ekspertar verda over? Han kan vere over alt på ein gong. Ein dag i Tyrkia, ein anna i New York, eller i Somalia og Noreg samstundes. Alltid ugenkjennelig og alltid i rørsle. Med eit enormt nettverk av støttespelarar let han seg ikkje setje i bås og spørsmålet står framleis ope etter år med forfølging: Kven er det Abulkasem utgjev seg for å vere, og kven utgjev seg for å vere Abulkasem? Jakta på Abulkasem dukkar opp over alt i den kvite mann sine fantasiar og skrekkvisjonar. Han eksisterer eigentleg ikkje, men vert symbolet for alt som er framandt og farleg.

Khemiri har ikkje bygd opp noko formell intrige, og framsyninga har heller ingen «karakterar» i ordet si klassiske tyding. Dei fem skodespelarane som er med i framsyninga går heile tida inn og ut av ulike roller. Khemiri presenterer også eit alvorleg forskarpanel som i tre kostelege «mellomspel» fortel korleis dei studerer Abulkasem og overvakar hans minste rørsler. Rollefigurane er smarte underdogs med ord og uttrykk som ammunisjon og vert strekt mellom opphav og kvardeg. Det dukkar opp fleire uventa komiske scenario samstundes som mørke skuggar lurer bakom. Khemiri har valt vekk den tradisjonelle og klassiske forma for teater og viser noko nytt ved å satse på gatespråk og minoritetssgrupper. Dette har gjort at *Invasjon!* har blitt sett opp fleire stader i Europa, nettopp fordi ein kjenner seg att. Alle land har minoritetssgrupper, gatespråk og frykta for det ukjende.

Regissør Frode Gjerløw (1989) har dei siste fem åra skapt underhaldande og samfunnskritiske teaterframsyningar i Noreg, Storbritannia og i Midtausten, og Gjerløw går inn i samarbeidet med Sogn og Fjordane Teater med fleire globale vurderinger i bagasjen. Han ser framsyninga *Invasjon!* som ein viktig kommentar i eit stadig meir polariserande samfunn, der enkle haldningar rår som «dei mot oss» og eit hat mot det ukjende vert spreidd med ein epidemisk fart. *Invasjon!* er lada med ein smertefull elektrisk spenning som gjeld spørsmåla om kvar kjem vi i frå, kvar høyrer vi til og kvar er vi på veg? Det er tid for *Invasjon!*

## OPPGÅVE 2



Ha romsleg med plass (gymsal eller liknande), og heile klassen stiller seg opp ved endeveggen på linje. Læraren les opp dei utsagna som han/ho vurderer at klassen er modne for med ca 5 sekund pause mellom kvart utsagn. Kvar elev som kjenner at eit utsagn stemmer overeins med deira oppleving tek eit vanleg steg framover.

Når alle utsagna er lesne opp, vil nokre ha kome lenger fram enn andre. Sjå på kvarandre og spør:

- Kva oppdaga de no?
- Kva tenkjer du om der du står?

### UTSAGN:

- Eg er kvit.  
 Eg har aldri blitt diskriminert på grunn av hudfargen min.  
 Eg har aldri vore den einaste personen med min hudfarge i rommet.  
 Eg har aldri blitt mobba på grunn av dialekta mi eller aksenten min.  
 Eg har aldri vore eit offer for vald på grunn av rasen min.  
 Eg har aldri blitt kalla stygge namn på grunn av etnisitetten min.  
 Eg har aldri blitt fortald at eg «høyrest kvit ut».  
 Ingen framande har nokon gong spurte om å få kjenne på håret mitt, eller lurt på om det er ekte.  
 Eg er heterofil.  
 Eg har aldri loge om legninga mi.  
 Eg har aldri måtte «komme ut».  
 Eg har aldri tvilt på om foreldra mine vil akseptere legninga mi.  
 Eg har aldri blitt kalla bøg, fag eller homo.  
 Eg har aldri blitt kalla stygge ting på grunn av kva kjønn eg identifiserer meg som.  
 Eg har aldri lata som om eg er «berre ven» med kjæresten min.  
 Eg har aldri blitt utfosen av det religiøse miljøet mitt på grunn av legninga mi.  
 Eg har aldri blitt fortalt at eg kjem til å «brenne i helvete» på grunn av legninga mi.  
 Eg har aldri blitt fortalt at legninga mi er ein fase.  
 Eg er mann.  
 Eg er komfortabel med kjønet eg er fødd med.  
 Eg har aldri forsøkt å skifte kjønn.  
 Eg har aldri følt meg utrygg på grunn av kjønet mitt.  
 Eg har aldri blitt plystra på eller flørt med framande på gata.
- Familien og eg har aldri levd under fattigdomsgrensa.  
 Eg har aldri gått til sengs svolten.  
 Eg har aldri vore heimlaus.  
 Foreldra mine betaler alle rekningane mine.  
 Eg kjøper nye klede kvar månad.  
 Eg har aldri følt meg fattig.  
 Eg reiser utanlands minst ein gong i året.  
 Skulen har alltid vore gratis for meg.  
 Foreldra mine er heterofile.  
 Begge foreldra mine er framleis i live.  
 Foreldra mine er framleis gifte.  
 Eg har ingen fysiske hemningar.  
 Eg har ingen sosiale vanskar.  
 Eg har ingen lærevanskar.  
 Eg har aldri hatt spisevegring.  
 Eg har aldri vore deprimert.  
 Eg har aldri vurdert sjølvmord.  
 Eg har aldri tatt medisin for den mentale helsa mi.  
 Eg har råd til medisin om eg treng det.  
 Eg har aldri blitt fortalt at eg er overvektig eller fortynn.  
 Eg har aldri blitt erta for kroppstypen min.  
 Eg har aldri blitt avhengig av noko.  
 Eg har aldri blitt erta for trua mi eller religionen min.  
 Eg har aldri loge om religionen min i sjølvforsvar.  
 Eg er nervøs når eg går igjennom sikkerheitskontrollen på flyplassar.  
 Eg har aldri blitt kalla terrorist.  
 Eg har aldri blitt mobba på nett på grunn av identiteten min.  
 Eg føler meg privilegert på grunn av den identiteten eg er fødd med.

### ETTER FRAMSYNINGA:

#### OPPGÅVE 3 (30 min)

SNAKK SAMAN:

- Kva handla framsyninga om?
- Kva kjende de når de såg framsyninga?
- Var det noko som var ekstra kjekt/spennande/trist/rart?
- Kva likte de best?
- Kvifor trur de at framsyninga invasjon! var berre i fargane svart-kvitt?

#### OPPGÅVE 4 (30 min)

SKRIV EI TEATERMELDING

Gå saman i grupper på fire. Nytt svara på spørsmåla i oppgåve 3 til å skrive ei teatermelding.  
Ei teatermelding har vanlegvis 4 delar:

- Introduksjon: kven har sett opp framsyninga, kvar har meldaren sett framsyninga og eit par ord om kva for ei oppleving dette var.
- Skriv eit avsnitt med ei oppsummering av framsyninga.
- Analyser framsyninga. Forklar kva du synest var interessant, kva undra du deg over, kva var det du ikkje forstod, kva sakna du, kva greip deg, etc. Kommenter gjerne dei sceniske effektane: kostyme, scenografi, musikk, lys, skodespelarprestasjonar, lengde på framsyning etc.
- Oppsummering av framsyninga og korleis totalopplevelingen av dette var. Terningkast?

Send gjerne teatermeldinga til [post@softeater.no](mailto:post@softeater.no)



Førdehuset, Postboks 324, 6802 Førde  
Tlf.: 909 90 600 | [post@softeater.no](mailto:post@softeater.no)  
[softeater.no](http://softeater.no) FØLG OSS PÅ: